

From: Marit Pauline Kvalsvik <mpk@tussa.com>
Sent: torsdag 13. mai 2021 15.25
To: NVE
Subject: Konsesjonssøknad frå Herøy Vasslag SA om senking av vass-stand i Igesundvatnet

Hei!

Eg kjenner ikkje denne søknaden, og har difor ikkje sett meg inn i kva søknaden gjeld og kva NVE skal gi konsesjon til. (Eg har diverre ikkje tid til å granske denne saka/søknaden, og overlet granskinga til fagfolka!)

MEN etter å ha sett annonse i lokalavisa om konsesjonen, vil eg som amatør – og vanleg medlem i Herøy Vasslag - berre forsikre meg om at fagfolka i NVE er bevisste på at det er store folkerike øyar i Ytre Herøy som no får vatn via 2 undersjøiske (?) vassleidningar, frå Indre Herøy. Slike lange hovudvassleidningar kan vere "lette mål" å råke/skade dersom det verste skulle skje: jordskjelv, krig eller terror-åtak.

For ikkje mange månader sidan, var det omfattande problem med å levere vatnet til Ytre Herøy frå Herøy vasslag si vasskjelde i Indre Herøy.

Problema er retta, og tiltak gjorde for å hindre at noko liknande skal skje att. Men desse problema viste kor avhengig folk, skular, næringsliv m. m. i Ytre Herøy er av å ha stabil vassforsyning, og at teknikken som Herøy vasslag (og dei fleste andre vassverk rundt om i landet?) no har gjort seg avhengig av for å forsyne sine mange abonnentar med vatn, KAN svikte.

Igesundvatnet er ikkje lenger godkjent som drikkevasskjelde. MEN Igesundvatnet ligg på den mest folkerike øya i Herøy; Bergsøya. Her er det også variert næringsliv og store bedrifter som er avhengig av stabil vassforsyning.

Vassrøra frå Igesundvatnet ER nedgravne i jorda, og har framleis (?) tilkoplingspunkt mot dagens rørleidningar/system. Difor kan vatn frå Igesundvatnet truleg enkelt koplast på att dersom det oppstår ei langvarig krise i leveringa av vatn frå Indre Herøy.

For 50 år sidan hadde mange i Herøy eigne brønner som reserve/hovudkjelde som vasskjelde. Og fram til kring 1950, brukte folk i Herøy utedo og hadde sjeldan eige bad og WC i husa sine.

Men anno 2021 er det få i Herøy som har eigne brønner, og truleg ingen som brukar utedo i det daglege. No brukar vi WC, dusj og *mykje vatn i kvardagen*.

Privatpersonar, institusjonar, skular, næringsliv osv. er difor heilt avhengig av levering av vatn frå eit vassverk. Det er Herøy vasslag som er det største vassverket i Herøy.

Tidlegare har Herøy Vasslag tappa ut eit anna vatn som i fleire år var i bruk som vasskjelde på Leinøya: Svartevatnet. Det var heller ikkje godkjend som drikkevasskjelde lenger.

Så no er det berre Igesundvatnet som står att som "reserve" i *Herøy Vasslag sitt område i Ytre Herøy*.

Eg ser då bort frå høgdebasseng som er plasserte i Ytre Herøy. For høgdebassenga er avhengig av kunstig tilførsel av vatn frå Indre Herøy, sidan høgdebasseng ikkje har lokalt tilsig av vatn i form av nedbør eller frå elvar i nærleiken.

Eg forstår at det kostar pengar og set krav til sikkerheit å halde vedlike ei gammal demning.

Men eg personleg meiner at det er betre å ha eit vatn i reserve i ytre Herøy (= Igesundvatnet), og at folk lett kan KOKE drikkevattnet ei periode, i høve til situasjonen som ville oppstå *dersom det ikkje kom vatn i røra i det heile tatt*, dersom det verst tenkjelege skulle skje, nemleg at vassleidningane mellom Indre og Ytre Herøy vert heilt/delvis øydelagde.

Om eit vatn ikkje er godkjent som drikkevatn, kan jo vatn frå Igesundvatnet brukast til WC, vasking av klede, hus, drikkevatn for dyr osv. og *mange andre føremål som er viktige i det daglege for folk flest. Det er få liter med vatn folk drikk ein vanleg kvardag.* Ein treng ikkje drikkevasskvalitet i eit WC! Derimot er *næringsmiddelindustrien* heilt avhengig av god kvalitet på vatnet.

Ved langvarige problem med vassforsyninga frå Indre Herøy, vil ALT i nesten heile Ytre Herøy stoppe opp, sidan rennande vatn i vassrøra er så viktig for alt og alle.

De i NVE skal gjere vedtak i samsvar med dei lover og reglar som gjeld. **EG er ingen ekspert på vassforsyning og leidningsnett til Herøy Vasslag**, (og kjenner heller ikkje til deira beredskapsplanar og leidningane frå Igesundvatnet), men eg fekk berre hug til å gi uttrykk for mi uro vedkomande viktigheita av vassforsyninga når konsesjonssaka skal behandlast av NVE.

Mvh
Marit P. Kvalsvik, (sign)
Torvika 33
6095 Bølandet